



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SGN OG FJORDANELAGET OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 4

2011

ÅRGANG 26

*Sigrid Moldestad*  
– på Klubbefesten laurdag 5. november



FOTO: Magnus Stede ©

Fine referat frå Nordfjordhytta og Bygdøy

## Tid å hausta inn...

Håpar alle har hatt ein god sommar, sjølv om veret har vore svært skiftande og så ymse. I haust vert det tett med tilbod og travelt i Sogn og Fjordanlaget; fleire dugnadshelgar på Pustut – sjå eiga sak lenger bak – og 50-årsfeiring der oppe uthausten, osteselskap på Nordfjordhytta 24. sept. (sjå eiga side) – og kanskje smalahove seinare i haust. Men aller mest

## Klubbefest

Laurdag 5. november står 83. Klubbefesten for tur, med sjølvaste **Sigrid Moldestad** og musikarar i konsert! Me har gjort eit varp og fått den mest populære, kvinnelege folkemusikk- og viseartisten for tida til å koma på klubbefesten, så i år er me redde det vert fullt i Storsalen. Sjå side 3 i dette bladet. Meir i neste nummer.

## Ringen

startar opp sine øvingar allereie 23. august og held på kvar tysdag i Storsalen. Fyrste helga i oktober skal dei ha kurs på Klækken hotell på Ringerike, saman med leikarringane Rakne og Symra. Ringen har også ansvar for tre-fire av folkedanskveldane i Nordahl Bruns gate i haust. Ta deg ein tur på dans der, det er knakande god musikk!

## Bygdelagshuset

Saka om framtida til Bygdelagshuset i Nordahl Bruns g. 22, både kven som skal eiga og korleis ein skal driva det frametter, går inn i sluttfasen, får me tru. Det var ope mote med orientering om status 20. juni og leiarmøte om stoda no 18. august. Så kjem saka opp til avgjerd i omframt årsmøte 15. september; det står i hovudsak mellom eitt alternativ der Bøndenes Hus AS kjem inn eller eit der Olav Thon-gruppa vert involvert, og løysingar på kort og lang sikt.

Sjå elles uti bladet om kva som skjer i ringen og laget frametter, og ver velkommen både på øvingar, kurs, hyttehelgar og dugnader.

**Alv Reidar Dale**

Lagsleiar

---

*Sigrid Moldestad*  
– på Klubbefesten laurdag 5. november

---



FOTO: Magnus Skede ©

Vi har gjort eit varp og fått den mest populære, kvinnelege folkemusikk- og viseartisten for tida til å kome på klubbefesten laurdag 5. november, sjølvaste **Sigrid Moldestad og musikarar** i konsert! Så i år er vi redde det vert styggfullt i Storsalen, både til bords, ved scenekanten og platesigneringsbordet.

Alle som hører litt på radio, har haurt henne rett som det er siste par åra – med vakre viser, treffande tekstar og feiande fint og vart felespel; alt frå plata TAUS - om tidlegare, mest ukjende spelekvinne (fikk Spellemannsprisen) til den siste CD-en, *Sandkorn*, ei plate med mange useieleg vakre spor...

Ta til å gle dykk, godtfolk! Alt om påmelding, prisar og anna i neste nummer.

---

**Anny og Alv Reidar, Klubbefestnemnda**

## Osteselskap på Nordfjordhytta

**24. - 25. september**

Vi inviterer til hyttehelg med god mat, drikke og prat. Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til festmåltid ca. kl. 19 laurdagskvelden.

Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag.

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

[astrid.gjorven@vikenfiber.no](mailto:astrid.gjorven@vikenfiber.no) - tlf. 22183295 (h), 98681829 (m)  
[dagfinn.aa@online.no](mailto:dagfinn.aa@online.no) - tlf. 21094802 (a), 45004933 (m)



## Sogn og Fjordaneringen

### Kvar tysdag kan du danse med oss.

Frå kl. 18:00 til kl. 19:30 har vi vanlegvis eit [tysdagstema](#) og dansar til CD-musikk. Då er det instruksjon etter behov og det er ope for alle som vil danse.

Kr. 50,- for ikkje-medlemmar frå hausten.

Frå kl. 19.30 til kl. 22.00 er Dagfinn Aa rettleiar og Solvor spelar fele/hardingfele. Vi har både turdans, songdans, bygdedans, gammaldans og stildans på programmet. Kvart semester blir det sett opp eit program for [turdansar og songdansar](#).

Dansepengar for hausten er kr 20,- for medlemmar og kr.50,- for ikkje-medlemmar.

I laupet av kvelden tek vi oss også tid til ein kopp kaffi eller te og noko å bite i.

Dei vanlege øvingane tek til 23. august og held på til midt i juni neste år.

For datoar, sjå [aktivitetskalendaren](#)  
[http://www.sognogfjordaneringen.no.\)](http://www.sognogfjordaneringen.no.)

Vi dansar i [Storsalen](#) i Nordahl Brunsgate 22 i Oslo.

Vel møtt !

Helsing Styret

### Folkedanskveld / søndagsdans

Nær alle søndagar (i perioden september - mai) frå 19.30 - 22.45 er det søndagsdans i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo. I Storsalen er det god dansemusikk der spelmannslag/grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen. I Halli er det dei fleste søndagane minikurs i ulike dansar.

**Søndagsdans:** Medlemmer kr 80,- / ikke-medlemmer kr 120,-

**Minikurs:** Medlemmer og ikke-medlemmer kr. 100,- ( *inkluderer påfølgjande søndagsdans.*) Sal av kaffi/te og vaflar. Alkoholfritt miljø! Sjå elles <http://www.bls.no>.

**Velkommen til søndagsdans i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo!**

... "usikker på golvet" ? - då kan du vurdere deltaking på eit [DANSEKURS](#) ?

Dato	Storsalen 19.30 - 22.45	Halli (minikurs) 18.00 - 19.30	Arrangøransvar
04 sep	<a href="#">Bærum spellemannslag</a>	Vestlandsspringar	Hordaringen i Oslo
11 sep	Sofienberg spelem.lag (a)(b)	Rørospols	Rundsnuen Danselag
18 sep	<a href="#">Østedølenes spellm.lag</a> (a)	Hallingspringar (arr Hallinglaget)	Numedalslaget i Oslo
25 sep	<a href="#">Mumriken</a> (a)(b)	Parhalling frå Dalsfjorden	S-&Fj-ringen
02 okt	Farande fant	Stildans	Symra
09 okt	<a href="#">Steinsgårdskroken</a>	Springleik fra Vågå	Rundsnuen Danselag
16 okt	<a href="#">Østerdølenes spellm.lag</a> (a)	Bodapolska	S-&Fj-ringen
23 okt	<a href="#">Feleboga</a> m/ Solveien spml	Rørospols	Hordaringen i Oslo
30 okt	<a href="#">Bærum spellemannslag</a>	Bingsjöpolksa	S-&Fj-ringen
06 nov	<a href="#">De frilynde</a> (a)(b)	Stildans	Symra
13 nov	<a href="#">Tonje &amp; Stein Magne</a> (a)(b)	Pols fra Finnskogen	Rundsnuen Danselag
20 nov	<a href="#">Enebakk spelemannslag</a>	Tovdalsspringar (Cordray/Thedens/Gaver)	Hallinglaget i Oslo
27 nov	Eiker spellemannslag	Menuett från Oravais	Symra
04 des	Farande Fant	Bodapolska	S-&Fj-ringen
11 des	Fanteladdane (a)(b)	Polsdans frå Finnskogen	Hordaringen i Oslo

(a) *Finnskogpols i løpet av kvelden*

(b) *Springleik-kule i løpet av kvelden*

# Rekeselskap på Nordfjordhytta

Helga 21. - 22. mai



Fin stemning i hyggjeleg lag rundt rekebordet på Nordfjordhytta 21. mai.  
Frå venstre: Ingeborg Fagnastøl, Marta Reksten, Randi Solheim, Oddbjørn Stave, Oddvar Bjordal, Anne-Lise Berggren, Jorun Ørsleie (venninne av  
Ingeborg), Wei, Per Rinde, Astrid Gjørven og Eva Landmark. Foto: Dagfinn Aa.

## Ny flaggstong på Nordfjordhytta

Etter 50 år var tida for den gamle flaggstonga ute. Når vi tok ned stonga for skifte av kule, viste det seg at ho hadde store råteskader.

Ein flaggstongfot utan flaggstong er ikkje noko vakkert syn. Vi beslutta derfor med det same å lage ny flaggstong med furu frå eigen skog, og eit fint tre vart blinka ut. Som oppladning til den store rekefesten 21. mai vart treet felt, barka, og hengt til tørk under rafta på uthuset. Der skal det henge ca. eit år. Så vil arbeidet halde fram med høvling, tilpassing og måling. Forhåpentlegvis blir det innviingsfest neste sommar eller haust.



Stonga hengt til tørk under rafta. Den gamle ligg under



Oddvar Bjordal og Asmund Hage i full sving med barking

Referent og fotograf: Dagfinn Aa.

# Bygdelagsstemnet

søndag 29. mai på Norsk folkemuseum på Bygdøy

Folkedansarar i alle aldrar inntok Folkemuseet denne mai-søndagen og synte ein del av breidda til aktivitetane i Bygdelagssamskipnaden. Det var ei tid usikkert om det vart stemne, men deltakinga var god når ein først var i gang. Det starta som vanleg med stemnetog fram til Festplassen, der Marianne Dahl frå samskipnade ønskte velkommen. Programmet var rikhaldig. Barnelaget i BLS stilte med mange aldersgrupper, og born frå Steinerskulen frå Nordstrand spela fiolin og dansa bl.a. halling. Også meir moderne rytmar og dans var det plass til.



Medlemmar i Sogn og Fjordane-ringen på veg i stemnetoget fram til Festplassen. Tone Eid bar fana. Foto: Svein Aasen.



Både små og store born imponerte stort. Foto: Svein Aasen.



Etter programmet på Festplassen dansa dei ulike ringane kring om i tuna. Her er det Sogn og Fjordaneringen. Foto: Agnar Kvellestad

A

## PROGRAM FOR HAUSTEN 2011

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek etterhald om endringar. Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/>

Kvar tysdag	Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen. Første gongen 23/8 og siste gongen 13/12. Aktivitetskalender: <a href="http://www.sognogfjordaneringen.no">http://www.sognogfjordaneringen.no</a>
Laurdag 24/9	Osteselskap på Nordfjordhytta
Søndag 25/9	Kanskje minikurs i parhallings kl. 18–19.30 i Halli
Helga 30/9–2/10	Haustkurs på Klækken hotell. Ringen
Søndag 16/10	Minikurs i Bodapolska kl. 18–19.30 i Halli
Søndag 30/10	Minikurs i Bingsjøpolksa kl. 18–19.30 i Halli
Laurdag 5/11	Klubbefest
Søndag 4/12	Minikurs i Bodapolska kl. 18–19.30 i Halli
Tysdag 13/12	Juleavslutting i ringen

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for stoff til dei neste avisene er **4/10** og **29/11**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for ev. å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilet; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Kristin Vasbø.

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

**Kasserer:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)  
**Kontakt Sunnfjordhytta:**

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

**Kontakt Nordfjordhytta:**  
Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no)

67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)

### SOGN OG FJORDANERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)